

Eksamen

14.11.2016

HSE3001

Helsefremmande arbeid

Helsefremmende arbeid

Programområde: Vg3 Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåva, må du beskrive og begrunne vala dine. Kompetansen i faget (ut frå kompetansemåla i læreplanen) viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - presentere og bruke fagstoff, begrunne synspunkt og forslag til oppgåveløysing - trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva - gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine - mestre relevante grunnleggande ferdigheiter - bruke eksempel der det er relevant - bruke fagterminologi, hjelpemiddel og eventuelle vedlegg på ein hensiktsmessig og etterretteleg måte.
Andre opplysningar	Du skal svare på alle oppgåvene.

EKSAMENSOPPGÅVE

(Du skal svare på alle oppgåvene)

Du arbeider som helsesekretær på Liene legesenter saman med ein annan helsesekretær og tre legar. Du har ein variert arbeidsdag, og her er nokre av arbeidsoppgåvene du skal utføre i dag:

1. Johanne Lien, f.19.09 44, kjem til legesenteret fordi ho har smerter ved vasslating og er i dårleg form. Lege Hansen ber deg ta CRP av pasienten og ein u-stics før konsultasjonen. Beskriv korleis og kvifor du utfører desse oppgåvene. Etter konsultasjonen ber legen deg gi gode råd til pasienten slik at ho kan førebygge slike symptom. Begrunn vala dine.
2. Arvid Aas, født 13.10.35, kjem til legetime. Han plagast med hard mage, og no har han fått smerter. Legen undersøker han og ber deg gi Arvid Aas gode råd for å få magen til å verke. Begrunn råda. Gjer greie for smerteomgrepet og korleis du kartlegg smerte hos pasienten. Forklar.
3. Anna, 16 år, har fått diabetes 1, og ho skal orienterast om korleis ho skal halde blodsukkeret stabilt. Anna trener fotball to gonger i veka, og ho går på vidaregåande skole. Gi henne grundig informasjon og forklar når og korleis ho skal måle blodsukkeret og kva dei ulike prøvesvara fortel.
4. Ein pasient med blodsmitte kjem for å ta blodprøver. Legen ber deg om å ta nokre blodprøver, blant anna leverfunksjonsprøver. Beskriv korleis du tek vare på krava til hygiene når du tek prøvene, og korleis du gjer reint laboratorieutstyret etterpå. Begrunn vala dine.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne dine valg. Din kompetanse i faget (ut fra kompetansemåla i læreplanen) viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">- presentere og bruke fagstoff, begrunne synspunkt og forslag til oppgaveløsning- trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven- gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine- mestre relevante grunnleggende ferdigheter- bruke eksempler der det er relevant- bruke fagterminologi, hjelpemiddel og eventuelle vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.
Andre opplysninger	Du skal svare på alle oppgavene.

EKSAMENSOPPGAVE

(Du skal svare på alle oppgavene)

Du arbeider som helsesekretær på Liene legesenter sammen med en annen helsesekretær og tre leger. Du har en variert arbeidsdag, og her er noen av arbeidsoppgavene du skal utføre i dag:

1. Johanne Lien, f.19.09 44, kommer til legesenteret fordi hun har smerter ved vannlating og er i dårlig form. Lege Hansen ber deg ta CRP av pasienten og en u-stics før konsultasjonen. Beskriv hvordan og hvorfor du utfører disse oppgavene. Etter konsultasjonen ber legen deg gi gode råd til pasienten slik at hun kan forebygge slike symptomer. Begrunn dine valg.
2. Arvid Aas, født 13.10.35, kommer til legetime. Han plages med hard mage, og nå har han fått smerter. Legen undersøker han og ber deg gi Arvid Aas gode råd for å få magen til å virke. Begrunn rådene. Gjør rede for smertebegrepet og hvordan du kartlegger smerte hos pasienten. Forklar.
3. Anna, 16 år, har fått diabetes 1, og hun skal orienteres om hvordan hun skal holde blodsukkeret stabilt. Anna trener fotball to ganger i uka, og hun går på videregående skole. Gi henne grundig informasjon og forklar når og hvordan hun skal måle blodsukker og hva ulike prøvesvar forteller.
4. En pasient med blodsmitte kommer for å ta blodprøver. Legen ber deg om å ta en del blodprøver, blant annet leverfunksjonsprøver. Beskriv hvordan du forholder deg hygienemessig til prøvetakingen, og hvordan du rengjør laboratorieutstyret etterpå. Begrunn dine valg.



www.vigoiks.no/eksamen